



Kåre Knapstad
Stølen 46
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1835 - 16/15068

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2016

Gbnr 137/665 Alver. Løyve til deling av tomt for tomannsbustad.

Eigedom: Gnr.137 bnr.665 Alver
Adresse for eiged.: Tuftamyra 2, 5911 Alversund.
Type tiltak: Deling av grunneigedom.
Heimelshavar: Kåre Knapstad
Søker: Kåre Knapstad

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele ein tomt der det er oppført ein tomannsbustad, slik at kvar av bustadeiningane får si eiga matrikulerte tomt.

Tiltaket i samsvar med reguleringsplanen, og bustadane er ferdig bygget.

Planstatus/dispensasjoner:

For området gjeld reguleringsplan for Ikenberget. Tomta er sett av til føremålet tomannsbustad.
Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Det er tilkomst frå kommunal veg, offentleg vassverk og offentleg av løp. Løysingane er i samsvar med godkjend plan.

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde i denne saka.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til dele gbnr137/665 slik det er søkt om og i samsvar med skisse som føl saka. Arealet skal nyttast i samsvar med plan. Felles areala må sikrast for begge eigedommane.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§20-1 og 26-1:

« Eigedom må ikkje delast slik at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan.



Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld spørsmålet om å dele ein tomt for tomannsbustad slik at kvar av bustadeiningane får si eiga tomt. Tiltaket er i samsvar med godkjend plan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av komunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. PBL §21-9.

Gebyr:

Etter gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune, vedteke i desember 2015 og gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend plan	kr.4000,-
---	-----------

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdeling i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innen tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kåre Knapstad

Stølen 46

5911

ALVERSUND